

Til styret i nytt bedehus/kyrkjelydshus i Vats v/Sjur Inge Stødle

Særutskrift frå styremøte i Vats Grendautval

Onsdag 27. april 2011 i Vindafjordhallen kl.19.30

**Desse møtte: Anne Nesheim Myhre, Kristin Ove Skare, Severin Fatland, Jon Olav Velde
(Hilde Fadnes Hølland kunne ikkje møta, Åsmund Kalstveit var sjuk)**

Under sak 1 møtte desse:

Styret i Vindafjordhallen: Kari Rødde, Åge Roald Aaserød, Svein Ove Gundersen

Styret i nytt bedehus/kyrkjelydshus: Sjur Inge Stødle, Per Egil Meling, Jostein Sørhus,
Egil Leifsen, Randi Koltveit, Håkon Børre Koltveit

Sak 1. Nytt bedehus/kyrkjelydshus ved kyrkja – orientering av styret for huset.

Leiar i styret for nytt bedehus/kyrkjelydshus i Vats, Sjur Inge Stødle, kontakta styret i Vindafjordhallen og styret i Vats Grendautval der han ynskte eit sammøte for å informera om planane om å byggja eit nytt felles bedehus/kyrkjelydshus for heile Vats. Dette såg Grendautvalet positivt på.

Sjur Inge orienterte om planane for det nye bedehuset/kyrkjelydshuset som er under planlegging. Det har tidlegare vore drøftingsmøte med Vindafjordhallen om ei samdrift / påbygg og om eit frittstående hus ved kyrkja.

Sjur Inge synte oss teikningar over desse to alternativ:

- a. Sambygg m/Vindafjordhallen – her var det teke med to ulike planløyningar.
- b. Nytt frittstående bygg ved kyrkja.

Når det gjeld pkt. a om eit sambygg, så syner det seg svært vanskeleg å få til ei god og funksjonell løysing uansett kva alternativ ein ser på.

Ved pkt. b om eit frittstående bygg, la han fram teikningar over eit fint estetisk bygg - eit bygg med ei svært god gjennomtenkt planløyning for alle dei aktivitetane som dette huset er tiltenkt til. Ingen tvil om at dette bygget vil vera til stor glede og nytte for eit aktivt barne- og ungdomsarbeid m.m. for heile Vats.

Det springande punktet er økonomien og drifta av eit så stort bygg. Vil dette huset vera ein konkurrent til Vindafjordhallen sidan desse husa ligg så nær kvarandre? Det er tross alt same folket som skal bruka og drifta dette huset. Likevel - kanskje kan husa utfylla kvarandre og gi positive ringverknader rundt kyrkja og Vindafjordhallen?

Det som kom klart fram, var at alle såg positivt på å få samla alt barne- og ungdomsarbeid og møteaktivitet på ein stad i bygda – det vil også auka aktiviteten for Vindafjordhallen Det vart ein god og sakleg drøfting og mange synspunkt kom fram – både for og mot eige frittstående hus. Takk for god informasjon om denne saka frå styret til bedehuset.

Konklusjon: Styret i Vindafjordhallen vil ha eit ekstra styremøte på denne saka og drøfta internt korleis dei ser på å få eit ”konkurrerende” hus så tett innpå seg – om dette frittstående huset vil få negative eller positive følger for Vindafjordhallen. Det er viktig å få dette avklart fordi grunneigaren av tomtearealet, Ingrid Ohm ynskjer ikkje å selja tomte til nytt frittstående bedehus ved kyrkja derom dette huset får negative følger for drifta av Vindafjordhallen.

Øvre Vats 27. april 2011

Jon Olav Velde
-leiar/skrivar-